



Byggm Arne Brandsdal
Lonaleitet 2
5267 ESPELAND

Referansar:
Dykkar:
Vår: 20/734 - 20/58582

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
18.09.2020

Igangsettingsløyve 1 for oppføring av påbygg og tilbygg til fritidsbustad - gbnr 336/39 Gaustad

Administrativt vedtak: Saknr: 968/20
Tiltakshavar: Harald Atle Bratli
Ansvarleg søkjar: Byggm Arne Brandsdal
Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 a), jf. § 21-2, 5.ledd vert det gjeve løyve til igangsetting av delar av tiltaket – oppføring av tilbygg, påbygg til hytte unnateke røyrleggjararbeid på følgjande vilkår:

- 1. Rammeløyve av 10.06.20 gitt i APM-møte i sak 91/20 med vilkår gjeld for tiltaket.**
- 2. Det skal søkjast om igangsetting for resten av tiltaket før det kan gjevast løyve til vidare arbeid.**
- 3. Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest.**

Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetting av delar av tiltaket oppføring av tilbygg, påbygg til hytte på gbnr 336/39 på Gaustad unnateke røyrleggjararbeid.

APM- Areal, plan- og miljø utval har i vedtak av 10.06.20 i sak 91/20 gjeve rammeløyve for oppføring av tilbygg og påbygg til hytte på gbnr 336/39. eksisterande bruksareal på hytte er opplyst til å vere ca. 52 m². det skal oppførast tilbygg i 1 etasje med bruksareal på ca. 23 m² og tilbygg og påbygg i 2 etasje med samla bruksareal på ca. 97 m². Bruksareal på hytte skal auke til 172 m² etter byggjearbeidet er utført. Det er opplyst at tomtens utnyttingsgrad skal vere 16,4 % BYA bygg areal.

Det vert elles vist til søknad motteken 16.09.20.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 16.09.20 og frist for sakshandsaming er 3 veker frå denne dato.

VURDERING

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1. Ansvarsrettar for tiltaket ligg føre i gjennomføringsplan versjon 2, datert 15.09.20 og motteke 16.09.20.

Aktuelt regelverk

- Igangsetting av tiltak med ansvarsrett krev søknad etter pbl §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.
- Kommunen sine fristar for sakshandsaming går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1, jf. § 7-1 første ledd bokstav b).
- Grunnlag for ansvarsrett som sjølvbyggjar går fram av SAK § 6-8.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/734

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om igangsettingstillatelse - gbnr 336/39 Gaustad

Kopi til:

Harald Atle Bratli

Sveiarvegen 34 5261

INDRE ARNA

Mottakarar:

Byggm Arne Brandsdal

Lonaleitet 2 5267

ESPELAND